



## Cup-reglement for EXTRA Eid Cup

### Generell informasjon

Dette er primært ein cup for barnefotball. Målet med cupen er at alle born skal ha det kjekt med fotballen som kan stimulere til vidare deltaking og iver i alle våre respektive klubbar. Både vi som arrangør, dommarar, trenarar og lagleiarar oppmodast til å bidra med positive ordlag og entusiasme til med og motspelarar for ein best mogleg oppleving for borna.

### Dommarar

Vi brukar eigne klubbutvikla dommarar i alle våre kampar. Fleire av dommarane har kurs

### Kamptid

Kvar kamp varer i 1x15 minutt utan pause.

### Pressfri sone

Vi prøver så godt som mulig å etterstrebe ei pressfri sone slik at laga kan få prøve å spele seg ut. Alle dommarar er informerte om dette. Ved mangel på gjennomføring ta kontakt med dommar underveis i kampen for eventuell påminning. Det er viktig at også trenarar hjelper til på dette området.

### Offside

Offside praktiserast ikkje i nokon av klassene.

### Frispark

Alle frispark er direkte frispark.

Motstandar skal være ca.5 meter frå ballen både ved avspark og frispark.

### Straffespark

Straffesparket i 5ér kampane takast 6 meter frå mållinja.

Straffesparket i 7ér kampane takst 8 meter frå mållinja.





## Innkast

Innkast skal takast frå den plassen der ballen passerer sidelinja.

Dommarane vil ikkje være alt for strenge med innkast. Dommaren kan veilede en til fleire gongar ved gjentatte feil innkast.

## Corner

Motstandar må være 5 meter frå der corner blir tatt.

## Fair play

På cupen som elles i fotballen praktiserer vi også fair play. Fair play-helsing før kampen. Fint om trenarar/lagleiarar minner spelarane på dette.

## Gule og raude kort

Vi praktiserer ikkje gule og raude kort. Spelarane/trenaren vil eventuelt få ein advarsel av dommar. Ved gjentatte brot på reglane vil dommaren gi trenar beskjed om å ta av spelaren og sette inn på ein ny spelar.

## Andre retningslinjer

1. Vi er her for spelarane, ikkje for oss sjølve.
2. Vi ser og høyrer oss sjølv «utanfrå» og spelarane «innanfrå».
3. Vi vel å være positive fordi vi veit at dette smittar over på andre.
4. Vi påverkar egne spelarar, dommaren, motstandarlaget og publikum gjennom positiv språkbruk og kroppsspråk.
5. Gjennom Fair play-møtet er vi og andre med på skape ein god fotballoppleving for alle.
6. Samarbeid med motstandarens trenar for å skape jamnbyrdigheit i kampen.

